



Referat styremøte i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Stad: Gloppen Hotell, Sandane
Dato: Fredag 22. november 2025

Program:

Torsdag 21. november

1900: Middag for dei som har høve.

Fredag 22. november

0900: Sakshandsaming

1230: Lunsj

1315: Synfaring i verne- og formidlingsbygget til Holvikejekta

1400: Avslutning og heimreise

Styret:

Styreleiar Ivar Kvalen, nestleiar Gunhild Berge Stang, styremedlem Rune Hegrenes, styremedlem Knut Arve Helle, styremedlem Therese Nasset, styremedlem Siri Sandvik.

Styremedlem Magni Aa Berge hadde meldt fråfall. Ingen av vararep kunne møte

Frå administrasjonen:

Synnøve Bjørset, Thomas Walle, Tor Martin Leknes, Jan Heggheim. Bjørg Espe Bolseth deltok under sakene fram og med sak 34, budsjett.

Saker til handsaming

Sak 29/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 30/2024 Referat frå styremøte 14. juni 2024

Sak 31/2024 Prognose 2024 (orienteringssak)

Sak 32/2024 Sjukefråvær (orienteringssak)

Sak 33/2024 Besøktal 31. oktober 2024 (orienteringssak)

Sak 34/2024 Budsjett 2025 (vedtakssak)

Sak 35/2024 Søknbudsjett 2026 (vedtakssak)



Sak 36/2024 Orienteringar (orienteringssak)
Sak 37/2024 Overdraging av Jotunet, Florø (vedtakssak)
Sak 38/2024 Samlingsutviklingsplan (orienteringssak)
Sak 39/2024 Møteplan styret 2025 (vedtakssak)
Sak 40/2024 Eventuelt

Orienteringar i møtet:

Budsjett 2025
Budsjettsøknad departementet 2026

Orienteringar i samband med handsaminga av dei aktuelle sakene:

Budsjett 2025
Budsjettsøknad departementet 2026
Prognose
Sak 36 Orienteringar

Vedlegg:

Saker til handsaming:

Vedlegg:

Referat frå styremøte 14. juni 2024 (sak 30)
Utkast til intensjonsavtale Jotunet (sak 36)
Samlingsutviklingsplan (sak 38)
Kulturdirektoratet si museumsvurdering 2023 (orientering, ikkje eiga sak)

Sak 29/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjend

Sak 30/2024 Referat frå styremøte 14. juni 2024

Vedtak:
Styret godkjenner referat frå 14. juni 2024.

Sak 31/2024 Prognose 2024 (orienteringssak) Janne Gimmestad

Kvifor vert saka fremma:



Styret er tidlegare orientert om at vi frå 2024 vil legge vekt på å rapportere grundig kvart tertial med ein prognose. Den siste viser skilnaden på det vi ventar er resultatet samanlikna med årets plan, altså budsjettet.

Bakgrunn:

Prognosen er sendt ut til styret 14. oktober, der vi skriv at vi vil gå grundigare gjennom avvika i november. Dette blir gjort i møtet den 22.

Drøfting:

Prognosen er ikkje eit revidert budsjett, men ei «beste gjetning» ut frå rekneskap så langt i året, denne gongen 31. august. Det er ikkje teknisk mogleg å be avdelingar og stabsseksjonar om å erstatte budsjettet med prognose. Men vi vil be avdelingane om å setje opp grunnlag for enkeltvedtak der vi omdisponerer innafor budsjettrammene.

Vedtak:

Styret vedtek den framlagde prognosen til etterretning.

Sak 32/2024 Sjukefråvær (orienteringssak)

Björg Espe Bolseth/Jan Heggheim

Sjukefråværet i MiSF er relativt stabilt i tredje kvartal samanlikna med første og andre kvartal i 2024. Det er ein liten nedgang på korttidsfråværet samanlikna med førre kvartal. Korttidsfråværet er lågt og tilfredsstillande. I langtidsfråværet er det ein minimal oppgang grunna eit nytt langtidsjukefråvær. Her ser vi likevel føre oss at det vil gå ned ila Q4 grunna tett oppfølging og positive utsikter til full retur/gradering. Per Q3 er det 2 tilsette i langtidsjukefråværsoppfølging. Vi vurderer langtidsfråværet til å vere tilfredsstillande. Totalfråværet i MiSF går derfor noko opp frå 3,59% i Q2 til 3,79% i Q3.

Fråvær Q3 2024 (per 14.11.2024)

Type frávær	Frávær Q3	Frávær Q2	Frávær Q1
Eigenmelding	0,93	0,84	1,34
Sjukemelding <16 dagar	0,49	0,60	0,65
Korttidsfrávær (eigenmeldt + sjukemelding <16)	1,42	1,44	1,83
Sjukemelding > 16 dagar	2,37	2,15	2,75
Totalfrávær	3,79	3,59	4,75


Løpande siste 12 månader

14.11.2023 – 14.11.2024


Type frávær	Frávær i %	(31.12.2023)
Eigenmelding	1,11	(1,39)
Sjukemelding < 16 dg	0,46	(0,44)
Korttidsfrávær (eigenmeldt + sjukemelding < 16)	1,57	(1,84)
Sjukemelding > 16 dg	2,08	(0,91)
Totalfrávær	3,64	(2,75)

Sjukefráværstatistikk samanlikna med Noreg, bransje og sektor

- ☒ + Overordnet enhet: STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE
- ☒ ♦ Bransje: Drift av biblioteker, arkiver, museer og annen kulturvirksomhet
- ☒ ▲ Sektor: Kommunal forvaltning
- ☒ ■ Norge



Sjukefrávær i MiSF – utvikling over tid



Vedtak

Styret tek rapport om sjukefråværet til orientering

Sak 33/2024 Besøktal 31. oktober 2024 (orienteringssak)

Torunn Skarstad/Jan Heggheim

Bakgrunn:


Besøktal er ikkje det einaste målet vi arbeider etter, men det er likevel ei viktig rettesnor med tanke på om andre bryr seg om det vi driv med. Styret skal difor vere oppdatert på utviklinga til ei kvar tid.

Drøfting:

Som vi ser under er det til dels stor %-vis auke i besøket. Vi må vere nøgde med ein auke på 17,5% målt mot fjoråret. I relative tal må vi særskilt nemne dei seongdrive arenaene Vågsberget, Sogn Fjordmuseum, Sogn Kuntsenter og Eikaasgalleriet. Sistnemnde fekk eit kraftig hopp i september som følgje av landslovjubileet. Astruptunet har som venta ein kraftig auke i besøket. Dei med nedgang er Sunnfjord Museum og kunstmuseet. Kunstmuseet hadde svært godt besøk til Astruputstillinga i 2023. I eit historisk perspektiv ligg kunstmuseet ca 1 000 besøkande under gjennomsnittet 2018 - 2023

SUM BESØKSTAL, ALLE BESØKSTADER I MISF HITTL I 2024																
BESØKSTAD	VAKSNE	BARN	JAN	FEB	MARS	APRIL	MAI	JUNI	JULI	AUG	SEPT	OKT	2024	2023	Endring i tal	Endring i %
NORDFJORD FOLKEMUSEUM	2 562	874	0	86	220	252	261	529	835	591	417	245	3 436	2 505	931	37.17 %
KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE	2 363	1 891	8	369	380	287	356	358	1149	377	680	290	4 254	3 875	379	9.78 %
VÅGSBERGET	1 032	229	0	0	0	0	28	254	372	509	98	0	1 281	806	455	56.45 %
HAUGEFISK	299	135	0	0	0	0	35	80	58	178	83	0	434	0	434	0.00 %
SUNNFJORD MUSEUM	2 394	1 277	35	140	359	266	45	705	848	562	477	234	3 871	3 902	-231	-5.92 %
DHS-SOGN FOLKEMUSEUM	6 428	3 197	18	531	278	71	1238	2065	1923	1603	1184	538	9 625	8 844	781	8.83 %
SOGN FJORDMUSEUM	922	424	0	0	0	0	0	569	359	418	0	0	1 346	857	489	57.06 %
KVERNSTEINSPARKEN	1 421	1 094	71	75	125	212	220	676	526	326	110	174	2 515	2 403	112	4.66 %
NORSK REISELIVSMUSEUM	9 124	364	19	355	338	319	815	1628	2180	2198	951	685	9 488	7 199	2 289	31.80 %
SOGN OG FJORDANE KUNSTMUSEUM	4 214	746	195	338	599	382	404	833	773	596	384	456	4 960	7 624	-2 664	-34.94 %
EIKASGALLERIET	761	382	5	0	4	0	63	79	164	46	774	8	1 143	549	594	108.20 %
ASTRUP TUNET	6 619	748	0	2	7	26	233	1741	3403	1327	544	84	7 367	4 029	3 338	82.85 %
SOGN KUNSTSENTER	2 593	612	0	0	0	0	0	980	1111	959	103	52	3 205	2 236	969	43.34 %
SUM KVAR MÅNAD	40 732	11 973	351	1 896	2 310	1 815	3 698	10 497	13 701	9 690	5 805	2 766	52 705	44 829	7 876	17.57 %

Målet er 70 000 besøkande innan 31. desember 2026. Målet ved utgangen av 2024 er 58 000 gjester, som truleg blir hardt å nå.



Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitende, og gler seg over auken.

Sak 34/2024 Budsjett 2025 (vedtakssak)

Janne Gimmestad/Jan Heggheim

Styret var orientert om ekstra utfordringar. Det vert kalla inn til nytt styremøte i desember. Møtet vert digitalt, og einaste sak er budsjett 2025.

Sak 35/2024 Søknaðsbudsjett 2026 (vedtakssak)

Oppsummering og konklusjon:

Vi søker om driftsmidler til tre tiltak, og vidareføring av satsingane frå 2025. Der er ikkje kjende nye satsingar

Vedtak:

Styret stør den framlagde budsjettsøknaden til Kultur- og likestillingsdepartementet, der MiSF søker midlar til

1. Drift av forskingsnettverk Vestland
2. Drift av Astruptunet, ekstra pedagogressursar
3. Drift av verne- og formidlingsbygg, Holvikejekta
4. Stillingsressurs saman med Bevaringstenestene

Vidare stør styret dei framlagde tiltaka for å nå oppsette mål.

Sak 36/2024 Orienteringar (orienteringssak)

Kvifor saka blir fremma:

Der er ei rekkje saker som administrasjonen ynskjer å involvere styret i. Mange av desse går sin gang utan at det krev vedtak i styret, men det er likevel eit mål for direktøren å involvere styret i det som er oppdraget vårt, å ta vare på kulturarven. Difor vil vi prøve å orientere og legge opp saker som stettar dette.

Drøfting:

[Avhending av gjenstandar, bygningar og anlegg:](#)

Dette er ei problemstilling som aktualiserer seg med utgangspunkt i fleire forhold: Avhending er nemnt i siste museumsmeldinga, (Meld St. 23, Musea i Samfunnet 2020-2021), det aktualiserer seg i moderne tankar om samlingsutvikling (jfr sak om samlingsutviklingsplan), det er aktuelt med tanke på innflytting i tinghuset, og det er aktuelt fordi vi slit med å ha ressursar til å halde vedlike bygg og anlegg generelt, og dei som ligg langt frå arenaene våre spesielt.

Vi tek sikte på å orientere om avhending av bygg og anlegg (Jan Heggheim), og avhending av objekt/gjenstandar (Thomas Walle) i styremøtet. I denne orienteringa vil vi omtale saksfeltet generelt, og ta med nokre konkrete døme:

Følgjande eigedommar er i prosess:

Vamråk Sildesalteri, transaksjon gjennomført i tråd med styrevedtak 8/2024

Jotunet, Florø, sjå sak 36 i dagens møte

Eidet, Sogndal

Vi vurderer følgjande eigedommar for avhending:

Langebua, Hyllestad

Elvhaug, Sogndal

Det vert gitt nærare orientering på styremøtet.

[Tinghuset, fullføring](#)

Endeleg avklaring finansiering frå fylkeskommunen er i januar

[Holvikejekta, overlevering og opning](#)

Vi overtek verne- og formidlingsbygget 24. april, og legg opp til opning 6. juni, etter at det viste seg at vi kolliderer med fylkesutval den 5. Fleire sentrale gjester er involvert der. Vi orienterer i møtet.

Program 2025

Programmeringa er svært sentral i arbeidet til museet. Styret vart orientert om deler av det samla programmet

Museumsbuss

Vi har søkt og fått støtte frå Sparebankfondet Sogn og Fjordane til transport for alle 9. klassingane i Sogn og Fjordane til ein av våre arenaer

Vedtak

Styret tek orienteringane til vitende.

Sak 37/2024 Overdraging av Jotunet, Florø (vedtakssak)

Kvifor saka vert fremma:

Heimen til Florø-kunstnaren Bjørn Hegrane, Jotunet, har i fleire år stått utan anna enn strengt nødvendig vedlikehald. Kystmuseet er prega av mange utfordringar med tanke på bygningsmasse. Nokre tiltak i Jotunet, til dømes avskoging, har ført til auka lokal interesse. Vinteren/våren 2024 har det meldt seg mange interesserte, både med utgangspunkt i tunet, og med utgangspunkt i kunsten til Bjørn Hegrane.

Bakgrunn:

Det er skipa ei eiga foreining i Brønnøysund som representerer interessentane. I ope møte og i drøftingar med denne foreininga har MiSF skissert følgjande:

1. Foreininga overtek Jotunet etter dei reglar og med den praksis MiSF fører ved avhending av bygg og anlegg. Desse er dei same som vi har nytta ved overdraginga av Vamråk Sildesalteri.
2. Foreininga overtek kunstsamlinga etter Bjørn Hegrane. Testamentet seier at det er råd å selje kunst frå samlinga, og dette kan bidra til eit økonomisk fundament. MiSF vil gå gjennom samlinga og ta ut det som vi som museum meiner er relevant før avhending. Inntil vidare nyttar vi talet 50 verk som retningsgjevande.
3. Foreininga overtek Jotunet og samlinga vederlagsfritt.


Drøfting:

MiSF ved Kystmuseet eller kunstavdelinga har ikkje kapasitet til å gje kunstnarheimen Jotunet ei god framtid. Det er ein stor eigedom, og bygningsmassen er stor og aldrande. Vi ser ikkje føre oss å drive formidling med eigne krefter i Jotunet.

I bygningsprioriteringsprosjektet er bygningane vurderte som nr 141 (vedhuset), nr 142 (våningshus med atelier), nr 148 (kvernhuset). Dette er som kjent ei samla vurdering av relevans, kulturhistorisk verdi og ressursbehov.

Ei overdraging av Jotunet vil ikkje automatisk spare oss for store kostnader, men vil gjere at vi kan fokusere på dei eigedommane vi elles har i samlingane våre. Effekten av færre objekt å vere urolege for, skal ikkje undervurderast.

Der er ikkje gjort ei spesifikk fagleg vurdering. Denne vil bli utført før endeleg avtale blir signert.



Det ligg føre utkast til intensjonsavtale, sjå vedlegg

Oppsummering og konklusjon:

Jotunet har ei motivert foreining som vil ta over, tunet er ikkje prioritert i eigne vurderingar av samlingane, og berre ein liten del av kunsten bør takast inn i samlingane. Tunet representerer ein stor framtidig utgiftspost. Vi rår til at styret set i gang ei avhendingssak.

Vedtak:

«Styret godkjenner sal av Jotunet, gnr 28, bnr 189 og 636 til foreininga Jotunet Florø, org nr 933 804 704 i Kinn kommune. Salet gjeld bygg, inventar og kunst spesifisert i avtale, og kjøpesummen blir symbolsk. Styret føreset at det går fram av avtalen at salet medfører plikter i tråd med intensjonane frå gjevar Bjørn Hegrane, og at anlegget går attende til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane dersom kjøpar avviklar sin bruk eller engasjement.»

Sak 38/2024 Samlingsutviklingsplan (vedtakssak)

Kvifor blir saka fremma

Musea i Sogn og Fjordane har ein Samlingsforvaltingsplan (<https://misf.no/assets/misf/dokument/Samlingsforvaltingsplan-Misf-9.2.2021.pdf>) og ein Handbok for samlingsforvalting

([https://misf.no/assets/misf/dokument/Samlingsforvaltningsplan_vedlegg-Samlingshandbok Misf 9.2.2021 0.pdf](https://misf.no/assets/misf/dokument/Samlingsforvaltningsplan_vedlegg-Samlingshandbok_Misf_9.2.2021_0.pdf)) for perioden 2020-2024. Dette planverket skal reviderast, og skal i tillegg inkludera ein plan for samlingsutvikling.

Samlingsutviklingsplanen som vert presentert for styret inneheld to delar. Del 1 beskriv praksis for innsamling og samlingsutvikling for Musea i Sogn og Fjordane og skal gjelde for perioden 2024-2027. Del 2 er konkrete planar for samlingsutvikling for dei ulike gjenstandssamlingane, kunsthistoriske samlingane og kort om dei resterande samlingane (bygg, anlegg, båtar/fartøy, immateriell kulturarv og arkiv). Planperioden for del 2 er for 2024-2025 og har som hovudmål å vera ein ressurs i revisjonsarbeid som ledd i innflytting til Tinghuset og samlingsforvaltingsarbeid på dei ulike museumsanlegga som går føre seg parallelt. Planen er heilt sentralt i samlingsutviklingsarbeidet som går føre seg i MiSF og vert difor sendt til gjennomlesing til styret 'til orientering'.

Del 1 i Samlingsutviklingsplanen skal inkluderast i ein samlingsplan (som også skal inkludere Samlingsforvaltingsplanen som er under revisjon). Då vil Del 2 bli vidareutvikla for å gjelde for planperioden for Samlingsplan for MiSF og i tillegg omfatte grundigare drøftingar og strategiar for alle samlingane.

Bakgrunn

I samband med innflytting til Tinghuset er det behov for revidering av dei ulike gjenstandssamlingane til MiSF og felles praksis og rutinar for samlingsutvikling (som inkluderer innsamling, revisjon og avhending/deaksesjon) på tvers av musea i organisasjonen. Etter omorganiseringa i 2021 har Avdeling for forskning og bevaring arbeida fram felles rutinar for samlingsforvaltning, og denne planen er eitt av resultata i dette arbeidet.

Som del av innflyttinga i Tinghuset er konservatorane i gang med omfattande revisjonsarbeid i dei ulike kulturhistoriske gjenstandssamlingane. Som det kjem fram i planen har dei ulike samlingane vakse fram på ulike måtar over ulik tid, og utan nokon felles plan på kva som skal samlast inn og korleis etter konsolideringa av musea. Oversyn over samlingane og bevaringstilhøve varierer også mellom dei ulike museumsarenaene. For å sørge for ein heilskapleg og berekraftig samlingsutvikling som er i tråd med ressursar og magasinkapasitet som MiSF rår over er det difor behov for omfattande revisjonsarbeid, flytteprosjekt, og ein restriktiv innsamlingspolitikk som følgjer konkrete innsamlingsmål. Vurderingar om deaksesjon av gjenstandar vil skje i tråd med planverket.

Drøfting

I ljøs av innflyttinga til Tinghuset er hovudfokuset i planen som føreligg arbeidet med dei kulturhistoriske gjenstandane og kunsthistoriske objekta. I den komande Samlingsplanen vil dei andre samlingane få større fokus enn det dei er via i planen som føreligg. I tillegg vil tidsaspektet til samlingane bli drøfta grundigare i Samlingsplanen.

Konklusjon

Samlingsutviklingsplanen er først og fremst ein ressurs i det pågåande arbeidet med å skaffe oversyn over samlingane, utføring av revisjonsarbeid, innsamling til konkrete prosjekt og innflytting i Tinghuset. Det var difor behov for å utarbeide felles rutinar for arbeidet, som vert inkludert i Samlingsplanen som er under arbeid.

Vedtak:

Styret godkjenner det framlagte dokumentet «Samlingsutviklingsplan for MiSF 2024-2027 Musea i Sogn og Fjordane» som museet sin samlingsutviklingsplan, og stor arbeidet med ein Samlingsplan.



Sak 39/2024 Møteplan styret 2025 (vedtakssak)

Vi legg opp til fire styremøte i 2025, og styret vedtek desse datoane og stadane:

Tysdag 25. februar, Sandane, handsaming av årsrekneskap

Fredag 13. juni, Hyllestad, besøk i Kvernsteinsparken

Fredag 3. oktober, De Heibergske Samlinger, besøk på museet

Fredag 5. desember, Førde, budsjett 2026, besøk Tinghuset

Sak 40/2024 Eventuelt

Saker må meldast til styreleiar eller direktør seinast 20. november 2024